

Praha-våren – eit 40 årsminne

Trykt i *Mål og makt* 2008 ;Volum 38.(3/4) s. 34-40

ELISABETH BAKKE, førsteamanuensis, Institutt for statsvitskap, Universitetet i Oslo

Praha-våren var ein reformperiode i Tsjekkoslovakia som varte frå 5. januar 1968, da Alexander Dubček vart vald som førstesekretær i kommunistpartiet, og fram til styrkar frå Warszawa-pakta invaderte landet natt til 21. august. Det som hadde starta som ein reformprosess internt i kommunistpartiet, førte raskt til folkelege krav om ytterlegare demokratisering – og i Slovakia til krav om nasjonal likestilling. Men partiet gav aldri opp si leiande stilling, og reformene var aldri meint å skulle føre til demokratiske val og fleirpartisystem, ei heller til marknadsøkonomi. I motsetnad til fløyelsrevolusjonen i 1989 handla Praha-våren difor meir om *liberalisering* enn om demokratisering. I dag er ideane knytt til Dubčeks ”sosialisme med eit menneskeleg ansikt” for lengst gått ut på dato, og for folk flest har Praha-våren i beste fall historisk interesse. Mange unge har berre vage idear om kva det heile gjekk ut på.

21. august var det 40 år sidan tanks frå Sovjetunionen, DDR, Polen, Ungarn og Bulgaria rulla over grensene og sette ein stoppar for Alexander Dubčeks ”sosialisme med eit menneskeleg ansikt”. Dette vart markert med minneutstillingar og møte mellom statsoverhovud og regjeringssjefar i Tsjekia og Slovakia. Den slovakiske presidenten Ivan Gašparovič kalla invasjonen ”eit svart kapittel i vår felles historie”, medan kollega Václav Klaus meinte den var ”eit vendepunkt der kommunismen også mista støtta frå dei som hadde trudd på den”¹.

Den tsjekkiske statsministeren Mirek Topolánek trekte følgjande lærdom av Praha-våren: ”at kommunismen ikkje kan reformerast, at alle forsøk på liberalisering fører til regimets fall, at sosialisme utelukkar fridom, og at det einaste forsvaret mot Moskva-imperialismen er ein allianse med Vesten”². Dei to statsministrane var begge for unge til å delta i 1968, men sjølv Robert Fico, som berre var fire år den gongen, hevdar å hugse innmarsjen. Han er den einaste av dei fire som var med i kommunistpartiet i 1989, og den einaste som meiner at tankane frå 1968 er verdt å ta vare på – særleg tanken om å ”kombinere marknadsøkonomi med ein sosial stat”³.

Men kva er eigentleg arven etter Praha-våren? Eit forsøksvis svar må ta utgangspunkt i kva som skjedde i 1968 og kva reformene til Dubček gjekk ut på.

Kva var Praha-våren?

Praha-våren er liberaliseringsperioden frå 5. januar 1968, da Alexander Dubček overtok som førstesekretær i kommunistpartiet i Tsjekkoslovakia, og fram til invasjonen 21. august. Valet av Dubček var utfallet av ein maktkamp i kommunistpartiet. Gruppa som Dubček tilhørte hadde lenge sett behovet for reformer, men dei ortodokse med partiets mektige førstesekretær Antonín Novotný i spissen motsette seg dette, og dei hadde fleirtal både i presidiet og i sentralkomiteen. Den alliansen som kasta Novotný bestod av reformkommunistar, men også av nasjonalt orienterte slovakar og folk som berre ønskte personendingar. Dei sistnemnte motarbeidde reformene aktivt, og det viste seg seinare at enkelte rapporterte direkte til Sovjetleinga. Dubček greidde å skaffe seg fleirtal i presidiet gjennom utskifting av nokre av dei mest ortodokse medlemmane, men ikkje i sentralkomiteen, som vart vald av partikongressen. Han prøvde derfor å framskande kongressen til september 1968.

Proessen som leidde fram til Praha-våren starta i realiteten tidleg på 1960-talet. Ein viktig ekstern faktor var oppmjukinga av dei kommunistiske regima etter Stalins død i 1953, og særleg tøvêret etter Nikita Krustsjovs hemmelege tale til den sovjetiske partikongressen i 1956.

Rehabilitering av ofra for dei politiske prosessane tidleg på 1950-talet var eit særleg brennbart spørsmål. Etter mønster av Moskva-prosessane på 1930-talet hadde ei rekkje framstående kommunistar vorte avretta og enda fleire fengsla, etter farseprega rettssaker der ofra hadde vorte torturert til å tilstå dei utrulegaste ting. Men dette var berre toppen av isfjellet: Totalt sat rundt 250 000 personar i interneringsleire, arbeidsleire og fengsel, og tre gonger så mange vart utsett for yrkesforbod eller anna sosial diskriminering⁴. Dubček sat sjølv i den kommisjonen som behandla rehabiliteringa av slovakiske kommunistar dømt for ”borgarleg nasjonalisme”. Ein av dei som vart rehabilitert i 1963, var Gustáv Husák, mannen som overtok som førstesekretær i kommunistpartiet etter Dubček.

Ein viktig intern faktor var den økonomiske krisa tidleg på 1960-talet. Tsjekkoslovakia var – i motsetnad til Sovjetunionen – før krigen eitt av dei økonomisk mest utvikla landa i Europa. Kommunistane valde likevel etter maktovertakinga i februar 1948 å føre ein økonomisk politikk som var ein blåkopi av den sovjetiske, og som inkluderte planøkonomi, nasjonalisering av bedrifter og eigedom, tvangskollektivisering av landbruket og ein industrialiseringsstrategi med

vekt på tungindustri og våpenindustri. Denne politikken passa dårleg for den avanserte tsjekkosllovakiske økonomien, som dessutan mangla både råvarer og energi. Eit hovudproblem var den daglege innblandinga frå det sentrale partiapparatet i den økonomiske forvaltninga, samanvevinga av parti- og statsorgan og den maktkonsentrasjonen dette medførte.

Eit anna hovudproblem var partiets nær totale kontroll. I det einaste nokolunde frie valet etter krigen, i 1946, hadde kommunistane fått 40 prosent av stemmene i dei tsjekkiske landa og 30 prosent i Slovakia. Saman med sosialdemokratane hadde dei eit knapt fleirtal i parlamentet, men i Slovakia hadde det demokratiske partiet fått 62 prosent⁵. Etter februar-kuppet i 1948 vart det demokratiske partiet nedlagt og det sosialdemokratiske partiet tvangssamanslått med kommunistpartiet. Den nasjonale fronten, opphavleg ein koalisjon av alle politiske parti, vart ein reiskap for kommunistpartiet, og eksisterande frivillige organisasjonar (inkludert fagforeiningar) vart nedlagt eller innlemma i den nasjonale fronten. Ytringsfridomen var sterkt avgrensa, sjølv om sensuren på 1960-talet var mildare i Slovakia enn i dei tsjekkiske landa.

Eit tredje problemområde var forholdet mellom tsjekkarar og slovakar. Kampen for auka sjølvstyre hadde vore eit ledemotiv i slovakisk politikk både under ungarsk styre og under den første republikken. Etter krigen vart det oppretta ei slovakisk nasjonalforsamling (nasjonalråd) og ei slovakisk regjering, men etter maktovertakinga i 1948 stramma kommunistpartiet gradvis inn. Det skapte ytterlegare misnøye i Slovakia at 1960-grunnlova hadde tatt frå dei slovakiske politiske organa dei siste restane av makt. I den friare atmosfæren som rådde etter at Dubček vart førstesekretær i det slovakiske kommunistpartiet i 1963, vart det reist krav om auka sjølvstyre for Slovakia og om rehabilitering av dei som hadde vorte skulda for ”borgarleg nasjonalisme”. Under Praha-våren munna dette ut i eit krav om føderalisering av staten.

I motsetnad til i 1989 var dei viktigaste aktørane under Praha-våren i 1968 medlemar av kommunistpartiet, og det var partieliten – medlemar av *nomenklaturaen* – som spelte hovudrolla.⁶ Etter at sensuren i praksis vart oppheva tidleg i mars spelte dessutan *massemedia* ei viktig rolle. Det oppstod også uavhengige initiativ, som KAN – klubben for engasjerte ikkje-partimedlemar, og i dei tsjekkiske landa fekk partia i den nasjonale fronten fleire medlemar. I Slovakia hadde derimot den nasjonalkommunistiske grupperinga rundt Gustáv Husák det politiske hegemoniet. Men dei frie og kritiske media skapte samtidig problem for Dubček vis-à-vis resten av Warszawa-pakta, både fordi dei andre kommunistleiarane var misnøgde med

innhaldet i media, og fordi dei oppfatta frie media som bevis for at det tsjekkosllovakiske kommunistpartiet var i ferd med å miste kontrollen. Særleg kritiske var sovjetleiarane til ”2000 ord”-manifestet, publisert 27. juni i fleire aviser, som var forfatta av Ludvík Vaculík og underskrive av ei rekkje framstående intellektuelle og kunstnarar.⁷

Innhaldet i reformene – handlingsprogrammet

Rett etter at Dubček overtok som førstesekretær fekk han presidiet til å setja ned ein kommisjon som skulle utforme eit nytt handlingsprogram for partiet. Programmet vart vedtatt 5. april, og Dubček oppfatta sjølv dette som den viktigaste arven frå Praha-våren.⁸ *Alliansetilknytninga* låg fast, og programmet la ikkje opp til vesentlege endringar i utanrikspolitikken.

Økonomiske reformer: handlingsprogrammet la opp til desentralisering, mindre politisk innblanding, større handlefridom for bedriftsleiinga, auka arbeidarsjølvsstyre, liberalisering av prisane, større vekt på innovasjon, og vektforskyving frå tungindustri til forbrukarindustri. Mindre private bedrifter skulle tillatast, særleg i servicesektoren. Men det var ikkje snakk om å vende tilbake til marknadsøkonomi, statleg eller kollektivt eige skulle framleis vera hovudregelen, og planøkonomien skulle reformerast, ikkje avviklast.

Politiske reformer: partiet, staten og samfunnet skulle demokratiserast med utgangspunkt i interesse mangfald. Skiljet mellom partiet og statsorgan skulle bli tydelegare, regjeringa skulle fristillast frå partiet i større grad, og parlamentet skulle få ei meir sjølvstendig rolle. Den nasjonale fronten skulle brukast til å samordne interesser, fagforeiningar og andre interesseorganisasjonar skulle vera uavhengige, og det skulle vera ytringsfridom og fridom til å reise utanlands. Igjen fanst det klare grenser for demokratiseringa: partiet skulle framleis ha ei leiande rolle, og noko fleipartisytem var det ikkje snakk om å tillate.

Føderalisering: Handlingsprogrammet tok dessutan til orde for grunnlovsendingar med sikte på full likestilling mellom tsjekkarar og slovakar, og minoritetsrettar for dei nasjonale minoritetane. Som ei førebuing av føderaliseringa vart det oppretta eit tsjekkisk nasjonalråd ved sidan av det slovakiske. Arbeidet med ei ny grunnlov vart vidareført etter invasjonen, og den føderale statsforma – vedtatt 27. oktober 1968 – var den einaste reforma som overlevde invasjonen.

Invasjonen og ”normaliseringa”

Invasjonen natt til 21. august kom overraskande på dei fleste. Presidiet hadde sete i møte utover kvelden for å førebu partikongressen i september, og da meldinga om invasjonen kom rett før midnatt, ”slo den ned som ei bombe”⁹. Det hadde likevel ikkje mangla på åtvaringar. Den sovjetiske kritikken mot reformene starta i februar, og vart gjentatt utover våren og sommaren. Hovudpunktet var at reformene truga kommunistpartiets leiande rolle. I det såkalla Warszawa-brevet frå juli 1968 karakteriserte dei fem Warszawa-pakt-leiarane reformene som eit uttrykk for kontrarevolusjonære krefter, og kravde at det tsjekkosllovakiske partiet tok tilbake kontrollen over media og forbaud uavhengige organisasjonar.

Det viste seg at eit par av dei ortodokse medlemne av presidiet *hadde* vore informert om invasjonen, og i timane før prøvde dei utan hell å få vedtatt ei erklæring som skulle legitimere den militære innblandinga. Dei hadde også – på oppdrag frå Bresjnev – sendt eit ”invitasjonsbrev” der dei bad om hjelp til å stoppe kontrarevolusjonen¹⁰. Men fleirtalet stod på Dubčeks side, og presidiet vedtok allereie same natt ei erklæring til borgarane der det tok avstand frå invasjonen, men oppfordra folk til ikkje å gjera motstand. Dette bidrog truleg til å hindre eit blodbad. Nyare tal viser at berre 108 personar døydde i samanstøytar med okkupasjonsstyrkane og i bilulukker forårsaka av militærkjøretøy¹¹. Til samanlikning førte den sovjetiske invasjonen i Ungarn i 1956 til 2502 døde på ungarsk side og 720 på sovjetisk side¹².

På morgonsida den 21. august vart Dubček og fem andre medlemar av presidiet tatt til fange, og to dagar seinare ført til Kreml. I mellomtida hadde den tsjekkosllovakiske presidenten Ludvík Svoboda nekta å innsetja ei marionettregjering og han drog nå frivillig til Moskva, saman med fleire medlemar av presidiet. I Moskva vart dei tsjekkosllovakiske leiarane sett under kraftig press, og alle unntatt ein skreiv til slutt under på den såkalla Moskva-protokollen, der ordet ”normalisering” vart brukt for første gong. Dette var i realiteten spikaren i kista for reformene. Dei tsjekkosllovakiske leiarane måtte gå med på utrenskingar av ”antisosialistiske” element, gjeninnføring av sensuren, og forbod mot ikkje-sosialistiske parti og masseorganisasjonar (det sosialdemokratiske partiet var nemnt spesielt). Dei sovjetvennlege i partileiinga skulle ikkje straffast, og den ekstraordinære 14. partikongressen – som hadde vorte samankalla i all hast 22. august – skulle erklærast ugyldig. Okkupasjonsstyrkane skulle til gjengjeld trekke seg ut ”så snart sosialismen ikkje lenger var truga” i Tsjekkoslovakia¹³.

Reformene vart ikkje avvikla over natta. Massemedia hadde relativt fritt spelerom også hausten 1968, og utreiseфриdomen stod ved lag til i 1969. Mange nytta høvet til å flykte; ifølgje offisielle tal emigrerte til saman 70 130 personar til ”kapitalistiske land” i 1968 og 1969¹⁴.

”Normaliseringa” starta for alvor først etter at Gustáv Husák overtok som førstesekretær i april 1969. Dei sentrale figurane i Praha-våren – og alle andre som hadde støtta reformer – vart nå ekskludert frå partiet, og mange intellektuelle og kunstnarar vart pressa over i manuelt arbeid. Blant dei som vart utsette for denne behandlinga var Dubček sjølv, som etter ein kort periode som ambassadør i Tyrkia vart skogvaktar i Slovakia. Men straffa ramma også familiane til dei utstøytte: ungane deira fekk for eksempel ikkje ta høgare utdanning.

Medlemstalet i kommunistpartiet vart redusert med nesten 500 000 mellom 1968 og 1970. Men dei ekskluderte utgjorde 23 prosent av medlemane på tsjekkisk side, mot 17 prosent i Slovakia¹⁵. Den slovakiske intelligentsiaen var også mindre utsett, både fordi ein mindre del var involvert i Praha-våren, og fordi føderalisering av staten hadde stått øvst på dagsordenen i Slovakia.

Kva Prahavåren *ikkje* var: ein forsmak på fløyelsrevolusjonen

Prioriteringane under Praha-våren var altså ulike i dei to delane av landet. I Slovakia blir kampen for meir sjølvstyre – som resulterte i føderaliseringa – framleis oppfatta som ein viktig del av Praha-våren. I ei meiningsmåling i samband med 40-årsmarkeringa av invasjonen svarte derimot heile 75 prosent av tsjekkarane at Praha-våren var eit ”forsøk på å gjeninnføre demokratiet”¹⁶. Men det er ein myte. ”Sosialismen med eit menneskeleg ansikt” handla ikkje om å gjeninnføre demokratiet, men om ein liberaliseringsprosess som når som helst kunne reverserast. Slik sett var Praha-våren meir i slekt med Gorbatsjovs *perestrojka* og *glasnost* enn med fløyelsrevolusjonen. Kanskje ville liberaliseringa med tida ha ført til ei reell demokratisering, men det er tvilsamt i lys av invasjonen i Ungarn i 1956 – den gjorde det klinkande klart at Sovjetleiarane ikkje ville ha noko av at nokon meldte seg ut av Warszawa-pakta eller innførte fleirpartisystem.

Praha-våren var heller ingen forsmak på fløyelsrevolusjonen. For det første var ideane frå Praha-våren for lengst gått ut på dato i 1989. Handlingsprogrammet var utforma med utgangspunkt i problema på 1960-talet, på ei tid da trua på at kommunismen kunne reformerast framleis var til stades, og faren for sovjetisk innblanding sette grenser for kva som var mogleg. I 1989 var tida

for mellomløysingar forbi. Da Gorbatsjov sleppte taket i det ytre imperiet og fløyelsrevolusjonen kom, var demokrati og marknadsøkonomi det einaste aktuelle alternativet.

For det andre var det heilt andre aktørar i 1989. I 1968 tilhørde hovudaktørane *nomenklaturaen*, sjølv om eit folkefleirtal støtta reformene. I 1989 var den folkelege deltakinga mykje større frå starten, og hovudaktørane var blant det gamle regimets argaste motstandarar: fleire hadde sete i fengsel så seint som i 1989. Dubček vendte rett nok tilbake til aktiv politikk som president i det føderale parlamentet, men "68-arane" utgjorde ikkje noko fleirtal i 1989-eliten.

Praha-våren som "den definitive starten på slutten"

Da er det meir rimeleg å sjå på Praha-våren som eit vendepunkt som markerer starten på slutten. Kommunistpartiet i Tsjekkoslovakia hadde betydeleg folkeleg oppslutning både før maktovertakinga i 1948 og under Prahavåren, og kunne truleg godt ha vunne frie val på denne tida. Etter at normaliseringa for alvor sette inn i 1969 var regimet frårøva all legitimitet. Kva verre var: etter utrenskingane av reformkommunistane sat berre dei mest ortodokse, karrieristane og opportunistane igjen, og ideologien forfall til tomme ritual. Paradoksalt nok var det normaliseringa som la grunnlaget for framveksten av dei elitane som seinare skulle koma til å spela ei hovudrolle under fløyelsrevolusjonen – ved å skape ei gruppe av utstøyte som var i same båt. Dei utstøyte var fleire og tettare integrert på tsjekkisk side, med Charta 77 som fokus for den demokratiske opposisjonen; i Slovakia var opposisjonen svakare, meir fragmentert, og meir religiøst og nasjonalt orientert.

Praha-våren, føderaliseringa og oppløysinga av Tsjekkoslovakia

Ein mindre påakta, indirekte konsekvens av Praha-våren er oppløysinga av Tsjekkoslovakia. Så lenge kommunistpartiet styrte etter prinsippet om demokratisk sentralisme spelte ikkje føderaliseringa av staten noko rolle, men det skulle vise seg at dei institusjonelle løysingane som var nedfelt i 1968-grunnlova var dårleg tilpassa eit demokratisk styresett. Rigide reglar for grunnlovsendingar og eigne paragrafar som skulle hindre eit tsjekkisk fleirtal i å overkjøre Slovakia førte til fastlåste situasjonar, og striden om ei ny tsjekkosllovakisk grunnlov vart den utløysande årsaka til delinga av Tsjekkoslovakia i 1993¹⁷. Ein annan viktig effekt av

føderaliseringa var at da Slovakia vart sjølvstendig i 1993, fanst det eit fiks ferdig statsapparat (minus eit utanriksdepartement).

Noter

¹ *President of the Slovak Republic, Ivan Gašparovič, and President of the Czech Republic, Václav Klaus, commemorate the 40th anniversary of August 1968 in Bratislava.* Office of the President of the Slovak Republic, August 21, 2008, (www.prezident.sk/?year-2008&news_id=7037).

² Mirek Topolánek, Mluvme o srpnu bez sentimentu a ublíženosti, *Lidové noviny* 21.08.2008, (<http://zpravy.ods.cz/prispevek.php?ID=7159>).

³ *Prepis brífingu predsedu vlády Slovenskej republiky Roberta Fica na oficiálnej návšteve v Českej republike dňa 21. augusta 2008*, Úrad vlády Slovenskej Republiky, (www.vlada.gov.sk/11169/).

⁴ Jan Pauer *Praha 1968. Vpád Varšavské smlouvy*. Praha: Argo, 2004: 19–20.

⁵ *Úplný přehled zisků hlasů všech stran ve volbách za existence společného státu Čechů a Slováků (1920 – 1992)*, (www.czso.cz/csu/2008edicniplan.nsf/publ/4220-08-1920__2006).

⁶ *Nomenklatura-systemet* gjekk ut på at kommunistpartiet bestemte kven som skulle ha høge posisjonar i partiet og statsapparatet. Nomenklatura vart både brukt om *listene* over posisjonar som kommunistpartiet bestemte over, og om den kommunistiske *eliten* som vart utvald via dette systemet.

⁷ Manifestet finst på (www.praha.eu/jnp/en/extra/Year_68/two_thousand_words/text_and_its_signatories.html).

⁸ Dubček (1993: 143). Heile handlingsprogrammet (på bokmål) er vedlegg til Dubčeks sjølvbiografi.

⁹ Dubček (1993: 140, 191).

¹⁰ *Text of the invitation letter* (1968), (www.praha.eu/jnp/en/extra/Year_68/august/short_story_of_the_invitation_letter.html).

¹¹ Historici: Oběti srpnové okupace je více, *České noviny*, 9. juni 2008, (www.ceskenoviny.cz/domov/index_view.php?id=317231).

¹² Mark Kramer, The Soviet Union and the 1956 Crises in Hungary and Poland: Reassessments and New Findings, i *Journal of Contemporary History*, Vol 33(2), 1998: 163–214, s. 210n.

¹³ Moskvaprotokollen, *Protokol o jednání delegace ČSSR a SSSR*, (www.totalita.cz/texty/prot_mosk_1968.php).

¹⁴ *Směrnice o úpravě právních vztahů ČSSR k emigrace z 16. března 1977*, Usnesení vlády CSSR č. 58 ze dne 16. března 1977, innanriksdepartementet i Tsjekkia (<http://aplikace.mvcr.cz/archiv2008/policie/udv/zpravy/index.html>).

¹⁵ Juraj Marušiák, Slovenská spoločnosť a normalizácia, i *Česká a slovenská spoločnosť v období normalizace*. Liberecký seminář 2001. Bratislava: VEDA, 2003: 116; for detaljar, sjå Kieran Williams, *The Prague Spring and its aftermath*. Cambridge: Cambridge University Press, 1997: 226–236.

¹⁶ CVVM, *Občané o Pražském jaru a srpnu 1968*, Tisková zpráva 20.8.2008, (www.cvvm.cas.cz/).

¹⁷ Elisabeth Bakke, (red.): *Sentral-Europa og Baltikum etter 1989*. Oslo: Samlaget, 2006: 139-140.